



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/466 - 17/2039

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
01.02.2017

Søknad om midlar til Symjeopplæring til barnehagebarn 2017

Meland kommune viser til utlysing av midlar til symjeopplæring.

Kommunen ynskjer å ha dei 130 førskuleborna med på eit symjetilbod.

I Meland kommune er det diverre ikkje offentleg basseng, så difor er det nok mange born som ikkje får høve til å verte trygg i vatn, og få fremma symjeferdigheter.

Vi må reisa til basseng for å få dette til. Den enklaste vegen for oss i Meland er å dra til badebasseng i Åsane eller Bergen, men det kan og vera aktuelt å nytta lokale badebasseng i Lindås dersom dette er mogeleg.

Alle barnehagane ynskjer å ta med dei eldste borna til Åsane/ Bergen/ Lindås der dei kan ha vannleik og aktivitetar relatert til symjeopplæring av barna. Vi har hatt kontakt med Åstveit symjeklubb og henvendt oss til Bergen symjeklubb om dette, men ikkje fått svar på kostnader, så vi setter difor opp eit stipulert men realistisk budsjett. Vi kan , dersom vi skal nytte badebasseng i Lindås gjera avtale med Radøy symjeklubb.

Vi har ikkje eksakte kostnader til kor mykje dette vil koste, men må køyra Buss til Bergen/ Lindås så difor søker vi om maksimalpris per barn.

Buss/båt reise/ betale instruktør- timepris/ x tall gangar per barn.

Buss: t/r 50 kr. per barn x 4 gonger = 200 x 130 = 26 000 kr. (kan verte meir)

Inngang symjehall: 60 X 4 X 130 = 31 200 kr.

Timepris/ instruktør for et kurs: eksempel 8 timer x 4 x 500 kr x 10 grupper = 160 000 kr.

Samla sum som det vert søkt om er: (1750 x 110 =) 227 000 kr.

Vi tek atterhald om at vi kan organisera dette på anna måte, for eksempel dersom vi har vaksne med livredningskurs i barnehagane som vil ta på seg dette arbeidet, ynskjer vi å nytta desse.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen I Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN